



Fylkesmannen Vestland
Statens hus
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/2417 - 20/4666

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
28.01.2020

Vedtak til klagevurdering - gbnr 355/39 dispensasjon for oppføring av tilbygg til hytte Skjellanger

Tiltak: Dispensasjon for oppføring av tilbygg til hytte, terrenginngrep
Byggjestad: Gbnr: 355/39
Tiltakshavar: Torstein Rune Røsland
Ansvarleg søkjar:

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona for terrenginngrep og oppføring av tilbygg med bruksareal på ca. 59,7 m² til fritidsbustad på gbnr. 355/39 på Skjellanger.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område. Gbnr. 355/39 er ein bygd eigedom med status som LNF-spreidd fritidsbustad, jf. tab. 9.2 til KPA si føresegn 3.2.3.

Tilbygg på ca. 59,7 m² på eksisterande fritidsbustad kan oppførast på eigedommen utan dispensasjon frå LNF-formålet, jf. føresegn 3.1.2 og 3.2.1 til KPA, jf. pbl §§ 19-2 andre ledd, jf. 11-6 andre ledd. Men tiltaket krev dispensasjon frå byggjeforbodet mot sjøen.

Politisk handsaming

Saka vart handsama administrativt den 28.01.20 der følgjande vedtak vart fatta:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona , jf. §§11-6 andre ledd, jf. 1-8 tredje ledd for oppføring av tilbygg til eksisterande fritidsbustad med terrenginngrep på gbnr 355/39 som omsøkt.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.»

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til undertegnede sakshandsamar på e-post larissa.dahl@alver.kommune.no eller på telefon 56171423.

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Signert søknad om dispensasjon
Situasjonskart S1 - S3 (548667)
Plan snitt og fasader P1 - P10 (548668)
Utsikt fra nabo U1 - U2 (548669)
Nabovarsel N1 - N2 (548666)
Terrengtilpassing T1 - T4 (548670)
Godkjenning- søknad om dispensasjon for tilbygg til fritidsbustad, terrenginngrep - gbnr
355/39 Skjellanger
Fasade og planteikningar - GBNR 355/59 Skjelanger
fasade 1-rev
plan 1-rev 3
plan 2-rev 3

Kopi til:

Janne Iren Skjellanger	Liagardan 67	3540	NESBYEN
Torstein Rune Røsland	Fantoftvegen	5072	BERGEN
	30		

Torstein Røsland

Mottakarar:

Fylkesmannen Vestland

Statens hus

6863

LEIKANGER